



Tore Kårbø  
Kårbø 35  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1278 - 17/23803

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:  
04.12.2017

## Pålegg - GBNR 52/5 - Pålegg om tilknyting til kommunalt VA-anlegg - Kårbø

**Administrativt vedtak. Saknr: 337/2017**

### SAKSUTGREIING:

Meland kommune viser til førehandsvarsle med krav om tilknyting til kommunalt vassanlegg, datert 12.5.2017, med frist for tilbakemelding innan 26.5.2017. Kommunen mottok tilbakemelding frå deg den 29.5.2017, komplettert med tilsvarende fra advokat Rønnaug Lilletveit den 25.8.2017. I tilsvaret har de gjort greie for kvifor det ikkje er ønskjeleg å kople eigedommen til det kommunale anlegget. Du meiner at ei tilkoppling vil medføre ein uforholdsmessig stor kostnad for deg.

### VURDERING:

Det følgjer av pbl § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal tilkoplast til ei offentleg vassleidning, «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*» Det same gjeld for tilkoppling til offentleg avlaupsanlegg, jf. pbl § 27-2.

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.1.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkoppling.

Kommunen sine kart viser ein avstand på om lag 47m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til bustaden på din eigedom. På bakgrunn av kommunestyrevedtaket er dermed utgangspunktet at bustaden din må tilknytast det kommunale anlegget. Kommunen kan likevel gje fritak frå tilkoppling når tilkoppling vil medføre ein «*uforholdsmessig stor kostnad*», jf. pbl §§ 27-1 og 27-2. Vi viser i den samanheng til Sivilombudsmannen si årsmelding 2004 s. 281 der det vart lagt til grunn at kostnadar på opp mot kr 100 000 for tilkoppling til offentleg vassleiding ikkje var uforholdsmessig, sjølv om eigedommen frå før av hadde eit tilfredsstillande privat anlegg. På bakgrunn av dette finn kommunen at også beløp over kr

100 000 vil kunne vere forholdsmessig, ettersom det her er snakk om tilkopling til både vatn og avlaup for to bueiningar på eigedomen. Vi kan ikkje sjå at du har dokumentert kostnadane med tilknytinga tilstrekkeleg, og det er difor vanskjeleg for kommunen å vurdere om tilkopling vil medføre uforholdsmessige kostnadar, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2. Kommunen finn difor grunnlag for å pålegge tilkopling til det kommunale anlegget.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gjev gbnr. 52/5 pålegg om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. For grunngjeving og vurdering, sjå ovanfor.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært og kostnadane bør spesifiserast av ein røyrleggjar. I tillegg bør det dokumenterast at eigedomen har ei eksisterande avlaupsordning i samsvar med forureiningslova.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Høgseth DA      Littleåsvegen 41      5132      NYBORG

**Mottakere:**

Tore Kårbo

Kårbo 35

5917

ROSSLAND